



**VÅRMARKNAD**  
27.-28. MAI 2022

# Reglar VÅRMARKNAD 2022

Dyrsku'n Arrangement AS har vedteke følgjande reglar for utstillarane under Vårmarknaden

## STAND

Vi har kun uteplassar.

Underlaget er gras eller grus, vegane mellom standfeltet er i all hovudsak gode asfalt- og grusvegar. Djubda på standane varierer litt, og er mellom 5-7 meter.

## ULOVLEGE VARER

Plakatar og annan reklame kan ikkje setjast opp eller distribuerast utanom eigen stand, dersom anna ikkje er avtala med arrangør.

Ulovlege varer: Sal av el-røyk, softgun, fjær/luftvåpen, kastestjerner, sverd, kinaputtar, springknivar o.l. er ikkje tillate.

Sal av mat: Det er ikkje tillate å selje serveringsmat under Vårmarknaden. DAAS vil sjølv stå for alt matsal. Ved påvist sal av ulovlege varer, vil utstillar bli bortvist frå marknadsplassen.

## OPPRYDDING – SØPPEL - KJELDESORTERING

Kvar salsplass har ansvar for søppel og orden på og framfør standen. Det skal vere ryddig til ei kvar tid under Vårmarknaden. Etter utstillinga må alt gods vere fjerna frå utstillingsområdet. Dersom dette ikkje er skjedd, blir den einskilde utstillar belasta for utgifter med å rydde plassen. Grunna brannsikkerheit skal det ikkje oppbevarast papp/søppel på stand. Vi har kjeldesortering av avfall på Dyrskuplassen. Vi sorterer i følgjande fraksjonar: papp, plast, emballera matavfall og restavfall.

## BRANNSLOKKINGSAPPARAT

**Alle** salsplassar skal ha minimum 1 stk. 6 kg brannsløkkingsapparat. Kontroll vil bli gjennomført. Dei som manglar slikt apparat vil bli pålagt å skaffe dette under marknaden.

## SKADER / FORSIKRING

Utstillarane er sjølve ansvarlege for skader dei sjølve, folka deira, produkt, utstyr o.l. påfører bygningar, innreiingar, anlegg og personar. Utstillarane må sjølve ordne med all forsikring. Arrangøren dekkjer ikkje tap eller tilbakebetaling av utlegg (leige, avgifter o.l.) i samband med forhold som ligg utanfor vår kontroll; t.d. vêr, tredjemanns- og leverandørars handlingar, force majeure o.l. I alle høve kan det ikkje krevjast erstatning for indirekte tap. Dei som har særskilte behov for straum, bør ha dette i beredskap i tilfelle straumbrott.

## STRAUM

Spenninga på plassen er 1-fasa 230V og 3-fasa 400V. Inntil 1,5 Kw er inkludert i standleiga. Det kan vere noko avstand til næraste koplingspunkt for straum, så vi rår utstillarane til å ta med rikeleg med skøyteleidning, berekna for utandørs bruk.

## OVERNATTING

**Utstillarar som har plass til det, kan overnatte på eigen stand.**

Det vil i tillegg vere høve til å overnatte i eigen bubil, campingvogn eller liknande inne på eige campingområde under marknaden. Sjå eiga prisliste.

## GJELDANDE LOVAR

Utstillarane har sjølv plikt til å følgje gjeldande lovar og reglar for sal, jf m.a. brukthandellova og lov om meirverdiavgift. **Det er ikkje høve til å nyte alkohol i opningstida.**

## OPNINGSTID

Marknaden er open for publikum fredag og laurdag frå kl. 09.00 - 18.00.

Utstillarkontoret vil vere opent frå torsdag og fredag kl. 08.00 – 22.00 og laurdag frå kl. 08.30 – 19.00